



*Samnanger historielag*  
- *Dergamalt og nytt møtest -*

## ÅRSMELDING FOR 2017

Etter årsmøte 28.2. 2017 styremøte 16.03. var dette dei tillitsvalde:

Helge Hisdal	leiar
Svanhild Eikedal Lauvås	nestleiar
Audhild Aadland Olsnes	skrivar
Solvor Aadland	kasserar
Vidar Trengereid	styremedlem
Tor Wold	varamedlem
Vidar Tveiterås	varamedlem
Gisle G. Øye	revisor
Arne Nordbø	revisor

**Fondsnevnd:** Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge og Audhild Aadland Olsnes

**Redaksjonsnevnd:** Anlaug Røen Hauge, Ivar Bård Aadland, Svein O. Aadland og Tor Wold

**Valnemnd:** Anne Frøland, Margot Hisdal og Kjell Reistad

Årsmøtet gjorde vedtak om at medlemspengane for 2018 skal vera 210 kr for einskildmedlemer og 250 kr for familiær.

Dessutan vart det gjort vedtak om to nye punkt i lovene for laget paragraf **3 Organisering**. Årsmøtet vel: f) 2 medlemer til fondsnemnda g) 4 medlemer til årboknemnda

Solvor hadde eit innslag om barndoms- og ungdomsminne frå tante Gudrun som voks opp på Ådland

**Deltaking på andre årsmøte:** Leiaren vår, Helge Hisdal, deltok i Os på Hordaland Sogelag sitt årsmøte som var lagt til Bjørnefjorden gjestetun og Oselvar-naustet. Han vart også vald til utsending frå Hordaland til landsmøtet som skulle vera på Gjøvik.

**Vårtur til Gulen:** Veteranbuss med velkjend sjåfør, Kjell Ove, 38 feststemde personar, ein sprudlande leiar som guide heilt til Leirvåg og skikkeleg vestlandsver med regn og skodde. Ferjetur til Sløvåg der me fekk ein lokal guide om bord. Han var både kunnsapsrik og flink å fortelja om landskap, næringsliv og historie frå den tid Gulatinget som me høyrde under, var plassert i Gulen. Me fekk med oss Tusenårsstaden med Gulatingsparken og dei svære steinsøylene og steinkrossane og kyrkja i Eivindvik. God middag i Eivindvik sette alle pris på. Ein svært vellukka tur. Så vellukka at me fekk sju nye medlemer på turen.

**Kulturveka i juni:** Samnanger kommune i samarbeid med frivillige organisasjonar skipa i år til kulturveke med mange aktivitetar. Denne vart og så vellukka at meininga er å få til ei slik veke kvart år. Leiaren vår var guide på gamle, gode Midthordland som hadde to turar på fjorden i fineveret. Den lengste gjekk heilt til Solbjørg. Helge er godt kjend i bygda og hadde mykje å fortelja.

**Vitjing til andre:** Leiaren vår var beden til det nystarta Søreide historielag for å halda foredrag og visa film om kraftutbygginga i Samnananger. Han skal også ha treskokurs i Os no i november.

**Antons kulurhistoriske senter 10 år:** 19. august var det stor 10 års- feiring i Frøylandsdalen. Anton Drønen inviterte for å visa fram det han har fått til i det som tidlegare var barneskule for Frøylandskrinsen. Flotte veteranbilar og motorsyklar i «gymsalen», kjøken- og stoveavdelingar frå 60-talet på hovudplanet, dessutan samling av gamle leikar og sports-utstyr, ja til og med ein gammal filmframvisar frå Vonheim. Folk lika seg og fann mykje dei kjende att frå tidlegare dagar. Styret i historielaget hjelpte til heile denne fantastiske dagen der om lag 200 personar var innom. Veldig kjekt for Anton, og kjekt for historielaget å gje litt attende og visa kor stor pris me set på arbeidet han gjer og på at me får bruka lokalitetane hans.

**Samnanger – Nordhordland, likt og ulikt :** Midt i oktober skipa historielaget til ope møte ved Arne Høyland, ein mann som etter kvart er vorten godt kjend i bygda. Han har arbeidd mykje med kulturminneregistrering både her i Samnanger og elles rundt i hordalands-bygdene og må seiast å vera ein ekspert på gammalt som held på å forsvinna. Sjå gjerne Samnangerkulturen.blogspot.no I tillegg er han ein god formidlar så det vart ein svært interessant kveld for dei vel tretti som hadde møtt fram. Til og med gitarspel og sjølvdikta songar fekk me med!

I temaet sitt tok han utgangspunkt i at dei også tidlegare måtte flytta på ting. Transportmidla vart tilpassa det lokale; topografi, klima og vegetasjon. Han har gjennom mange år registrert ulike båtar og prammar som dei brukte i Nordhordland, både på elvar og fjordar, heilt til havs og til byen med varer, ikkje minst skuter med ved. Greitt å koma seg til byen sjøvegen. Ikkje berre med varer, men også med bygningsstrilar når det trongst folk etter brannar i byen. I somme bygder nytta dei og båtar når dei måtte utanbygds for å skaffa seg tømmer.

I Samnanger budde det ikkje så mange, og samningane var sjølvforsynte med det meste. Dei trong ikkje fara langt. Skottane kom til og med hit for å skaffa seg tømmer! Ei byferd var sjeldan og lang.

Elles samanlikna han ski, kjelkar og sledar som han hadde registrert i bygdene.

Eit spanande spørsmål til sist: Veit nokon om ei teikning av ei gammal kyrkje som kan vera kyrkja som stod på Ådland mellom 1650 og 1850? I registrerinigsarbeidet sitt hadde han funne mykje likskap mellom gamle og tidlegare kyrkjer i området. Kunne same byggmeisteren hatt ansvar for mange kyrkjebygg?

**Feleprosjekt.** Tor Wold hadde vore i kontakt med ein mann som hadde ei gammal fele etter Knutin Kleppe som var ein ivrig felespelar. Denne fela kunne historielaget få kjøpa. Har me noko spesielt her i bygda, noko me som historielag kan få fram? Ja, dette vart spørsmålet i styret. Me enda på Tveitafelene og felebygging, rosemalinga som kom frå Tveitarås og skiproduksjon både på Kleppe og Haga. Eit spennande prosjekt som også kommunen ser kan verta fint og interessant med tillaging og tilstelling på det nye biblioteket. Me er i gang.

**Takk.** Ei stor takk til alle som støttar arbeidet til historielaget : Dei 110 medlemene, dei som fortel eller skriv, dei som sel og dei som kjem på møta våre. Takk for samarbeid til Antons kulturhistoriske senter og til Samnanger kommune!

Audhild Aadland Olsnes, skrivar